Klappmyssen deles inn i tre bestander etter hvor de føder unger, eller kaster som fangerne kaller det. En ved Newfoundland, en nord i Davisstredet mellom Nord-Canada og Vest-Grønland, og en i Vesterisen mellom Jan Mayen og Øst-Grønland. Ved Newfoundland foregår kasting både inne på St Lawrence Gulfen og på Fronten som er drivisen utenfor Newfoundland.



*Hettakall med utblåst ballong (den fleksible hudfolden mellom neseborene). Foto: B. Bergflødt/Havforskningsinstituttet.*

## Nedgang i Vest-Atlanteren

Det er ikke klart hvor isolerte kasteområda for klappmyss er. Den canadiske forskeren Dave Sergeant meinte at det er utveksling mellom de tre kasteområdene i Vest-Atlanteren alt etter hvordan isforholdene er. En hypotese er at når isforholdene er dårlige i Gulfen og Davisstredet, trekker dyra til Fronten for å kaste. Mer enn 90% av bluebacken som blir kasta i Vest-Atlanteren blir kasta på Fronten. Her viser tellinger at bestanden var på et minimum i 1984 med ca 375 000 individ. Da hadde den kommersielle fangsten stoppa opp etter EUs importforbud av selungeskinns og bestanden tok langsomt til å øke med om lag 2% årlig frem til 2005 hvor bestanden var om lag 600 000 individ. Deretter har bestanden ved Fronten gått dramatisk ned til om lag 35% av nivået i 2005.

Nyere undersøkelser tyder på at nedgangen har fortsatt inne på Gulfen og Davisstredet. Produksjonen i Davisstredet gikk ned fra 19000 unger i 1984 til 3300 i 2005. Omfattende rekognoseringsflygninger fant ingen unger i 2024, mens om lag 600 unger ble funnet i 2025. Den lille kastekolonien i Gulfen har ikke blitt overvåket siden 2005.

## Dramatisk nedgang og totalfredning i Vesterisen

Kasteområdet i Vesterisen er mindre påvirket av



*Hettakall med oppblåst hette. Derav navnet (hettakall, hooded seal). Foto: M. Poltermann/Havforskningsinstituttet*

forholdene i Vest Atlanteren og Vesterisbestanden har vært regnet som en selvstendig bestand. Men nyere analyser viser at det ikke er genetiske forskjeller mellom Vesterisbestanden og klappmyssen i Vest-Atlanteren. Dette kan tyde på at det er tilstrekkelig utveksling mellom bestandene til at genetiske ulikheter ikke oppstår.

Bestanden var trulig på 1,2 - 1,4 millioner individ i 1946 og har krympa til om lag 77 000 individ i 2018. Bestanden ble totalfreda i 2007, men nedgangen ser ut til å holde frem, eller kanskje har bestanden stabilisert seg på dette lave nivået som bare er få prosent i forhold til nivået i 1946. Det er i hvert fall ikke tegn til gjenvekst etter snart to tiår med fredning. Bestandsmodellering viser at mye av nedgangen kom mellom 1946 og 1980 som følge av overbeskatning. Sommerfangsten av hårfellende klappmyss i Danmarkstredet ble stoppa på 1960-tallet for å redusere beskatninga på Vesterisbestanden. Men nyere merkeforsøk har vist at det er klappmyss fra Vest-Atlanteren som skifter pels i Danmarkstredet, og ikke dyr fra Vesterisbestanden. Dermed var dette vernetiltaket til inga nytte for Vesterisbestanden.

### **Klappmyssen har fått status som truet**

På grunn av mer enn 50% nedgang over de tre siste generasjonene (1985–2024) er nå



*Mus med diende blueback. Foto: M. Poltermann/Havforskningsinstituttet*

klappmyssen klassifisert som truet (Endangered) på Rødlisten til Den internasjonale naturvernunionen, IUCN.

### **Er det klimaendringer som nå er den største trusselen mot klappmyssen?**

Hvorfor hjelper ikke fredning mot fangst? Både i Vest-Atlanteren og i Vesterisen har nedgangen i bestanden fortsatt etter de kommersielle fangstene opphørte. Hva dette skyldes er ikke kjent. En har undersøkt om det kan skyldes sykdom, men det er ikke funne tegn til det. Trolig er klimaendringer og dårlige isforhold en medvirkende årsak.

Sjøisutbredelsen i Arktis har vært gradvis synkende, både om vinteren og sommeren, de siste tiårene. Hvert år minker havisen i Arktis med om lag 13%. Sjøis reflekterer 75% av all solinnstråling. Isfritt hav reflekterer bare om lag 15%. Dermed vil reduksjon av sjøis føre til varmere vann og bidra til å akselerere ismeltingen. Vi er inne i en ond sirkel.

Ved Jan Mayen er nå stort sett hele Vesterisodden borte og det er en strak iskant langs Øst-Grønland. Vesterisodden var en odde av is som hvert år samlet seg nordvest for Jan Mayen og det var der den norske Vesterisfangsten foregikk. Spesielt er det stor nedgang i tykkere, flerårig is. Nå er det den tynne, ettårige isen som dominerer.



*Nyfødt blueback. Se navlestrengen. Foto: M. Poltermann/Havforskningsinstituttet*

De gamle selfangerne snakket om «klappmyss-is». Etter det jeg kan huske var det grov is med tykke, robuste flak av flerårig is. Dette er altså den istypen som minker raskest i Arktis. Bluebacken blir etterlatt til seg selv etter bare en fire dagers dieperiode som etterfølges av ca. en måned lang fasteperiode, før den blir i stand til å gå i vannet for å finne egen føde. Trenger bluebacken noen solide isflak for å overleve i denne perioden? Eller er dette en altfor forenklet framstilling av årsaken til nedgangen? Er det langt mer sammensatte og komplekse forhold som fører til nedgang i bestandene? I alle fall må vi regne med at klimaendringene er en medvirkende årsak, direkte eller indirekte, i større eller mindre grad.

#### Kilder

IUCN Red List. 2025.

<https://www.iucnredlist.org/species/6204/279892432>

Joint ICES/NAFO/NAMMCO Working Group on Harp and Hooded Seals (WGHARP) 2023. [https://iceslibrary.figshare.com/articles/report/Joint\\_ICES\\_NAFO\\_NAMMCO\\_Working\\_Group\\_on\\_Harp\\_and\\_Hooded\\_Seals\\_WGHARP\\_/24306100?file=42664447](https://iceslibrary.figshare.com/articles/report/Joint_ICES_NAFO_NAMMCO_Working_Group_on_Harp_and_Hooded_Seals_WGHARP_/24306100?file=42664447)

Sergeant 1976. History and present status of populations of harp and hooded seals. *Biological Conservation*, 10 (2) : 95-118



*Avvendt og fastende blueback. Foto: M. Poltermann/Havforskningsinstituttet*

# Din bank på heimebane

Vi lovar å gjere ein forskjell for deg, verksemda di og lokalsamfunna. Gjennom å gi gode råd, vere der når du treng oss og heie på dei som skapar er vi din bank på heimebane.



## Eigen rådgivar

Vi skal gi kundane våre god og personleg service. Difor får verksemder og privatpersonar sin eigen rådgivar.

[sbm.no/velkommen](https://sbm.no/velkommen)



## Best på Kundeservice

Vi hjelper deg og verksemda di med alt frå kort og betaling til finansiering og forsikring.

[sbm.no/kundeservice](https://sbm.no/kundeservice)  
[sbm.no/naeringsbasen](https://sbm.no/naeringsbasen)



## Vi er Team Møre

Vi jobbar i team for deg, og tilbyr rådgiving innan aksje-, valuta- og rentehandel, samt forvaltning av større formuar.

[sbm.no/aktivforvaltning](https://sbm.no/aktivforvaltning)



## Sal av bustad

I Møremegling har vi meklaras med god lokalkunnskap som hjelper deg med sal av bustaden din.

[moremegling.no/kontakt-oss](https://moremegling.no/kontakt-oss)

## **‘ÆRSTATNINGA’:**

### **- Erstatningshurtigruta på strekninga Tromsø – Finnmark i tidsrommet 1941-1944.**

Av Magnus Sefland

Om ishavsskutene, fiskefartøya og frakteskutene som heldt Finnmark og Nord-Troms levande i ei trengselstid. Erstatningshurtigruta var under andre verdskrig eit heilt nødvendig tiltak for så langt mogleg å tryggje liv, helse, næringsliv, levebrød og viktige samfunsmessige funksjonar i landsdelen. ‘Kystens riksveg nr 1’ måtte så langt mogleg haldast open. Fartøya i erstatningsruta vart i publikasjonar baserte i sørlege landsdelar ofte omtalte som ‘ishavskutterne’. Ishavsskutene var i mindretal blant fartøya i erstatningsflåten, men var over tid den mest stabile delen av flåten.

#### **VERDSKRIGEN: BAKGRUNN FOR ERSTATNINGSHURTIGRUTA:**

Den andre verdskrig starta ved det tyske angrepet på Polen i september 1939. Sovjetunionen gjekk til angrep på Finland i november 1939, i ein krig som varte til mars 1940 (vinterkrigen). Sovjetunionen erobra blant anna det karelske neset og fekk grensa mot Finland lenger vekk frå storbyen Leningrad. I april 1940 var turen komen for blant andre Norge. Etter om lag to månaders felttog hadde tyske styrkar nedkjempa norsk motstand og sett seg fast.

Tyskland gjekk til angrep på Sovjetunionen i juni 1941. Finland nytta høvet til å gå til krig (framhaldskrigen) mot Sovjetunionen for å gjenerobre områder dei tapte i vinterkrigen. Tyskland og Finland var begge på same tid i krig


mot Sovjetunionen – i samarbeid, men utan nokon formell allianse.

Tyske stridskrefter i Nord-Norge retta sin innsats mot Kola og Murmansk som del av det tyske angrepet på Sovjetunionen. Dei tyske framstøytane vart stoppa i Litsadalen på Kola, vest for Murmansk. Dei tyske styrkane nådde ikkje fram til Murmansk.

I desember 1941 kom USA med i krigen. Dei allierte konvoiane til Murmansk, med krigsmateriell til Sovjetunionen, kom i gang. Dei segla nord om Island, Jan Mayen og Bjørnøya, dersom det var mogleg av på grunn av isforholda. Om vintrane måtte konvoiane gå nærare finnmarkskysten. Grenseområda mellom Finland og Sovjetunionen og mellom Finnmark og Kola var slagmark. Like eins var det ei krigssone mellom tyske styrkar i Norge på den eine sida - og sovjetiske og vestallierte stridskrefter på den andre sida.

På grunn av krigshandlingar og omfattande tap av både fartøy og folk slutta dei ordinære hurtigrutene å segle på strekninga Tromsø-Kirkenes hausten 1941. Frå september 1941 snudde hurtigrutene i Tromsø. På strekninga Tromsø-Finnmark vart det etablert ei erstatningsrute med mindre – og mindre sårbare – fartøy. Denne trafikken var i gong fram til hausten 1944. Fartøya segla med passasjerar, post og lettare fraktgods. Ruta vart ein livsnerve for folk i den nordlegaste landsdelen – med om lag 60 000 innbyggjarar - og vart gjerne kalla ‘erstatningsveien’. Hausten 1944 vart det slutt på seglingane i ruta på grunn av evakuering og nedbrenning i Finnmark og Nord-Troms.

Nokre ishavsskuter var sentrale i erstatningsfarten heilt frå starten hausten 1941, og heile tida, til hausten 1944. Dette blant anna fordi ishavsfangst, som skutene var bygde for, ikkje var aktuell under krigen. Det var også nokre ishavsskuter som noterte seg for dei lengste utsegla distansane og som frakta det største samla tal av passasjerar. Men der var også med ei rekkje andre fartøy av ulike typar, storleik og



*DS Richard With Foto: Anders Beer Wilse frå nettstaden skipshistorie.net*

standard. Nokre heile tida 1941-1944, andre deler av tida, somme innom kortare bolkar som avløysingsfartøy.

Ishavsskutene i erstatningsruta var *Altenfjord*; *Blåsel*; *Maiblomsten*; *Polarfjell*; *Queen of the Fleet*; *Ringøy* (ex *Wild Flower*); *Skandfer*; *Vaaland*.

#### **ETABLERING AV ERSTATNINGSRUTA:**

Hurtigruteselskapa hadde allereie tidleg under krigen mist ei rekkje av dei ordinære hurtigruteskipet i krigsforlis. Hurtigruteskipet DS *Dronning Maud* var i transportteneste under kampane om Narvik våren 1940, då fartøyet vart skote i brann i Gratangen og gjekk tapt. Hausten 1941 vart kystruteskipet DS *Barøy* (i Vestfjorden) og hurtigruteskipa DS *Vesteraalen* (på veg nordover frå Tromsø) og DS *Richard With* (ved Rolfsøy i Vest-Finnmark) senka av britiske ubåtar. Kwart av skipa med mange omkomne. Allierte stridskrefter – i utgangspunktet Norge sine allierte - skilde ikkje mellom sivil og militær trafikk. Alle fartøy som fly, motortorpedobåtar og ubåtar kom over, kunne senkast, utan reservasjonar.

Dette gjorde at hurtigruteselskapa innstilte ordinær segling nord for Tromsø. Men sjøtransport var landsdelen si viktigaste kommunikasjonslinje. Kysten kunne ikkje leggst ned. Alle hurtigruteselskapa stilte seg bak administrerande direktør Ole Siem i Vesteraalens Dampskibsselskab (VDS) på Stokmarknes i arbeidet for å etablere ei erstatningsrute med innleigde, mindre fartøy. Den administrative overbygninga over verksemda gjekk under nemninga Hurtigruteselskapes Erstatningsrutebart, også

kalla Samseilingen. Ei ordning der ekstrakostnader vart dekte av staten. VDS sine folk i Tromsø var Conrad Rye Holmboe og Einar Bergethon Larssen. I oktober 1941 annonserte VDS i avisene ønskje om å leige høvelege motorfartøy over 50 bruttotonn til fraktfart. Samseglinga gjekk glipp av fleire eigna fartøy ved at dei vart rekvirerte av okkupasjonsmakta.

Erstatningsruta gjekk mellom Tromsø og Vadsø. Frå Vardø og Vadsø til Kirkenes heldt Finnmark Fylkesrederi og Ruteselskap trafikken gåande med sine eigne fartøy, først og fremst DS *Tanahorn*. Den trafikkerte strekninga Hammerfest-Kirkenes. Mellom Alta og Hammerfest trafikkerte DS *Brynilen*. Russarane kjende dei gamle lokalrutebåtane betre enn erstatningsfartøya. Derfor var lokalrutebåtane mindre utsette enn erstatningsfartøya for angrep frå sovjetisk side, sjølv om både *Brynilen* og *Tanahorn* vart bomba i senk på grunt vatn i Hammerfest i februar 1944.

På strekninga Tromsø – Hammerfest gjekk seglingane med erstatningsfartøya forholdsvis regelmessig. Frå Tromsø til Honningsvåg og vidare til Vardø og Vadsø – med mellomliggande stoppestader – var seglingane meir uregelmessige. I starten var rutefarta heller uregelmessig. Etter som tida gjekk, og opplegget fekk høve til å gå seg til, vart det meir orden over avgangane. Men likevel ein god del slinger, alt etter rasjoneringar, tilgang på olje og reservdeler og okkupasjonsmakta sine reguleringar. – Og alt etter vurderingar av veret, krigshendingane og risikoen. Det vart snakka lite om risiko. Men dei fleste i mannskapa levde i spenning heile tida.

#### **SEGLINGSRUTENE:**

Frå Tromsø og nordover var den naturlege seglingsruta i hovudsak den same som hurtigrutene og annan kysttrafikk hadde nytta i fredstid – delvis innanskjers, i ly av øyar og holmar. Frå om lag Honningsvåg og rundt Varangerhalvøya til Vadsø er ingen skjergard. Der gjekk ruteturane over det opne Austhavet.

Nokre stader var det mogleg å velje alternative ruter. I Nord-Troms var det mogleg å segle sør om Kågen og gjennom Maursundet til Skjervøy. Alternativt kunne rutene leggjast sør om Uløya, med stopp på Havnnes. Der heldt fisketilverkar Johs. H. Giæver AS til. Foretaket var medeigar i fleire av fartøya i erstatningsruta. (Den sørlege del av Uløya, med Havnnes, tilhørde den gong Skjervøy – seinare Nordreisa kommune).

I Vest-Finnmark var det mogleg å velje den alternative ruta sør om øya Silda. Ved å segle sør om Silda kunne trafikken på ruta unngå ein del av det utsette Lopphavet.

Seglingsruta kunne vidare leggjast gjennom Stjernesundet og Vargsundet til Hammerfest. Denne ruta passerte og gjorde stopp ved Porsa, der det var eit vasskraftverk. Der hadde motstandsørsla ei tid den løynde radiostasjon 'Lyra'.

På dei alternative strekningane var trafikk betre skjerma mot vind og sjøgang frå ope hav – og mot angrep frå både havgåande og luftborne stridskrefter. Skifting mellom ruteleiene vart truleg avgjort fortløpande - etter passasjertal, type og mengd av last, seglingsrestriksjonar, vurdering av risiko osv.

## **ETTERRETNING, MOTSTANDSAKTIVITET OG RISIKO:**

I slutten av oktober og starten av november 1941 var rikskomissær Josef Terboven og eit følge av nazitoppar i Norge på inspeksjonsreise i i Nord-Norge med den tyske mineleggjaren *Bali*. Dette var få veker etter mjølkestreik, unntakstilstand og avretting av motstandsfolk i Oslo. Sommaren 1941 kom påbodet om at alle som ikkje var NS-medlemmer måtte levere inn radioapparata. Dette markerte ei klar innstramming i okkupasjonsmakta si framferd overfor både sivilfolk og motstandsaktivitet.


I Hammerfest gjorde *Bali* eit stopp. Terboven og følge inispiserte filetfabrikken i byen. Då Terboven og følget åt frukost i messa om bord i *Bali*, hadde dei god utsikt til hamna. Der låg tre av erstatningsfartøya på nokre av sine første



*Rikskomissær Josef Terboven. Foto frå Wikipedia.*

anløp i byen i erstatningsruta. *Skandfer* lossa fraktgods frå Tromsø, *Welcome* var på veg ut og *Maiblomsten* venta på lossetørn. Terboven var uvitande om at han hadde engasjerte motstandsfolk blant mannskapa i aktivitet rett framfor augene.

Etter som krigen skreid fram, etablerte den tyske Kriegsmarine ein base i Alta-området. Frå hausten 1943 var dei tyske krigsskipa *Tirpitz*, *Scharnhorst* og fleire andre stasjonerte i Kåfjord og Langfjorden ved Alta. Deira slagkraft var retta særleg mot dei allierte konvoiane til Murmansk, med viktig krigsmateriell til Sovjetunionen til bruk mot tyske styrkar på austfronten. Ishavsskuta *Godønes* av Tromsø vart rekvirert av okkupasjonsmakta og vart brukt til å halde vakt ved *Tirpitz* i Kåfjord. Dei tyske krigsskipa hadde i hovudsak to leier frå basane sine til ope hav: gjennom Stjernesundet



*Torstein Raaby*

eller Vargsundet, dvs strekningar som tilsvarte erstatningsfartøya sine alternative seglingsruter. Når dei tyske krigsskipa i Altafjorden skulle til havs, måtte dei krysse erstatningsfartøya sine seglingsruter.

Torstein Raaby var ein mann som ei tid kom til å spele ei sentral rolle i etterretninga i Nord-Troms og Vest-Finnmark. Han er i ettertid kanskje mest kjend som telegrafist på Thor Heyerdahl si Kon-Tiki-ferd over Stillehavet i 1947. Han kom tidleg under krigen med i motstandsaktivitet og måtte rømme til Sverige og vidare til Storbritannia.

I 1943 vart Raaby og to andre etterretningsfolk sette i land frå norsk ubåt KNM *Ula* i Mefjord på yttersida av Senja. Dei hadde med seg fleire radiosendarar og anna utstyr, og var godt utstyrte med både pengar og falske papir. Viktig mål var overvaking av den tyske flåtebasen i Altafjorden.

Frå Senja tok Raaby seg til Tromsø og kom i kontakt med etterretningsnettverket der. Der

vart Raaby send med erstatningsfartøyet *Skandfer* til Hammerfest. Skipper Øistein Jakobsen på *Skandfer* var på det tidspunkt ein del av det illegale nettverket i distriktet. Han var ikkje åleine. Fleire av skipperane og styrmennene på erstatningsfartøya var involverte i motstandsarbeid. På seglingane gjorde dei egne observasjonar, var i kontakt med lokale motstandsfolk og utførte kureroppdrag. Med i dette nettverket var skipper og befal på Finnmark Fylkesrederi og Ruteselskap sin DS *Brynilen*, som segla i ruta mellom Hammerest og Alta.

I Vest-Finnmark vart det etablert fleire illegale radiostasjonar som hadde overvaking av krigsskipa i Altafjorden som viktigaste mål. I Alta-området vart det etablert eit par radiostasjonar. Ein av dei hadde kodenamnet 'Ida'. Den opererte frå ei sjuskete vegvesenbrakke – midt i Alta, like i nærleiken av etterretningsmålet *Tirpitz*. Stasjonen vart kamuflert ved at dei som heldt til i brakka og opererte stasjonen, framstod som fyllikar og brakka som ein alkoholisert bule. Det viste seg å vere effektiv kamuflasje, i alle fall ei tid. Raaby sjølv oppheldt seg ei tid ved stasjonane i Alta-området – inntil han måtte flykte til Sverige igjen.

Ved Porsa ved Vargsundet hadde motstandsrørsla ei tid ein løynd radiostasjon. Den hadde kodenamnet 'Lyra'. Der følgde motstandsfolk med på trafikken inn og ut av Altafjorden. Når den lokale kjøpmannen i Porsa nemnde 'spikar og jarn' i sin forretningskorrespondanse, var det signal om at dei tyske krigsskipa i Altafjorden var på farten. Ved juletider i 1943 vart *Scharnhorst* lokka til havs for å ta ein alliert konvoi i farvatna ved Bjørnøya, på veg til Sovjetunionen. I havet nord for Nordkapp var ei rekkje allierte krigsskip på plass. I vintermørket gjekk det føre seg eit sjøslag som enda med at *Scharnhorst* vart senka, med rundt 1900 omkomne. Dette vart ei alvorleg svekking av den tyske sjømilitære slagkrafta.

*Tirpitz* var sjeldan til havs. Derimot var slagskipet mål for ei rekkje allierte aksjonar for å setje skipet ut av spel og som påførte skipet skade. Ein ubåt greidde å påføre *Tirpitz* ein større undervass-skade medan krigsskipet låg på sin faste plass i Kåfjord. Skaden var så stor at tyskarane sende verkstadfartøyet *Monte Rosa* frå Hamburg til Alta for å utbetre skaden. Etter eit britisk flyangrep i Alta skal to av skipet sine tre propellar ha vore ute av funksjon. Skipet var korkje sjødyktig eller kampdyktig. Derfor vart det flytt til Tromsø, der det skulle gjere teneste som stasjonær festning. Skipet vart endeleg senka ved Håkøya av eit britisk luftangrep i november 1944.

### NAVIGASJON OG RISIKO:

Å føre fartøy i leia mellom Tromsø og Vadsø under krigen var både vanskeleg og riskabelt. I mørketida var fyr og lykker sløkte og busetnad langs leia var nedblenda, så i mørke var det knapt med lys å navigere etter. Fartøya sjølve hadde lanterner, lysventilar og liknande blenda. Om somrane, med dagslys døgnet rundt, var det lite høve til å stikke seg bort i mørkret.

Veret baud på storm, skodde, snøtjukke, nedising og frostrøyk. Isen la seg over alt ved nedising. Det skal ha hendt at rorkjetting fraus fast i kjettingrøra på fartøya. Dette blokkerte roret i ei bestemt stilling, og fartøyet miste styringa.

Det er ikkje kjent at nokon av fartøya i erstatningsruta var utrusta med radar – eit instrument som var under utvikling under krigen, mest for militære formål. Farvatna var stadvis minelagde, og elles var miner i ukontrollert drift.


Seglingane måtte tidvis gå i konvoi og vart hefte av sperringar og seglingsforbod. Vermeldingar vart ikkje sende. Barometer var omtrent det einaste som kunne varsle uver. Ubåtar låg på lur og fly var stadig over. Erstatningsfartøya var utsette for torpedoar, bomber og maskingeværsalver. Ofte hang livbåtane utsvinga i davitane, klare til rask låring – om dei

ved angrep ikkje allereie var gjennomhola. Frå tid til anna reiste både passasjerar og mannskap med redningsvestar på.

Krigførande makter, som eigentleg var Norge sine allierte, tok ikkje særleg omsyn til sivil norsk kysttrafikk. Dette gjaldt både vestallierte og sovjetiske stridskrefter. Angrepa var mange. I blant berga erstatningsfartøya seg ved å stikke seg vekk i skodde og frostrøyk – eller dei manøvrerte så nær land med bratte fjell at fly ikkje kom til med sine angrep. Ved luftangrep manøvrerte skipperane slik at fartøya vende hekken mot angriparen. Dette for å gjere angrepsmålet mindre og vanskelegare å treffe. Når det let seg gjere, søkte fartøya å gå i lag, for – om mogleg – å kunne hjelpe kvarandre i kritiske situasjonar. Det hende også i vanskelege situasjonar at det vart halde skipsråd, om eventuelt å snu eller legge om ruta.

Dei ordinære hurtigruteskipa langs kysten fekk – mot reiarlaga sin vilje - etter kvart antiluftskyts montert på dekk. Skytset vart operert av medreisande tyske militære. Dermed vart skipa av dei allierte oppfatta som legitime mål for angrep. Eit par av dei meir kjende forlisa var hurtigruteskipa DS *Sanct Svithun* på Stadhavet i 1943, etter angrep frå britiske fly - og DS *Irma* på Hustadvika eit år seinare, etter angrep frå norske motortorpedobåtar stasjonerte på Shetland. Begge forlisa med mange omkomne. Ved *Irma*-senkinga omkom blant mange andre ishavsskipper og -reiar Mikal Nilssen frå Gratangen.

Norske motortorpedobåtar si senking av *Irma* – med tap av mange norske sivile - vart i ettertid eit vondt sår for den norske marine. Det norske forsvaret søkte lenge å dysse hendinga ned, blant anna ved å skulde okkupasjonsmakta for senkinga. På 1990-talet måtte to norske forsvarsministrar offentleg beklage hendinga. Kort etter tusenårsskiftet avduka kongen eit minnesmerke, plassert med utsikt til staden for udåden.



*Polarfjell*

Fartøya i hurtigruteerstatninga var uvæpna. Likevel vart også dei heimsøkte. Først og fremst av sovjetiske fly og ubåtar. Kjennskap til, eller mistanke om, at tyske militære reiste med erstatningsfartøya, bidrog til at fartøya vart utsette for angrep. Både fartøy og folk gjekk tapt. I juni 1944 var *Polarfjell* på veg vestover. Like etter passering av Makkaur vart fartøyet angripen av tre sovjetiske fly. Eitt av flya var så nærgående med skuta at det knekte toppen på frammasta. Flyet kom neppe heilt skadefritt frå samanstøyten, det heller – men hangla vidare. Det meste tyder på flyet berga seg tilbake til heimebasen.

Det som skipperane i erstatningsruta hadde til å hjelpe seg med i navigering, var truleg avgrensa til barometer, kompass, klokke og utarbeidd rutebok (kursbok) med kursar, seglingstider, passeringspunkt, detaljar i landskap osv. Dessutan eit godt samkøyrt mannskap og solid røynsle frå navigering med enkle hjelpemiddel.

#### **ERSTATNINGSFARTØYA:**

Dei fleste av erstatningsfartøya høyrde heime i Tromsø-området, Nord-Troms og Vest-Finnmark. Dei fleste var frakteskuter, fiskebåtar eller ishavsskuter. Fartøya var i storleik 50-140

fot, 35-150 bruttotonn – dei fleste 40-80 bruttotonn.

Så langt vi kjenner til var dei fleste – truleg alle - trefartøy. Somme var bygde på 1800-talet og andre nesten nybygde. Langt dei fleste fartøya hadde framdrift med forbrenningsmotorar (Bolinder, Avance, Wichmann, Union, Volda, Brunvoll, Finnøy osv), med yting 80-250 hk.

Dei fleste fartøya i passasjerfart var sertifiserte for 15-20 passasjerar. Ein del fartøy segla hovudsakleg med frakt, blant anna post. Alle fartøya i erstatningsruta var sivile og merkte på vanleg måte med norske flaggfargar, skipsnamn og namnet Norge i store bokstavar, lett synlege på skutesidene.

Fordi det var ekstraordinære tilstandar, med mange motstridande og tvingande omsyn, var skipperane rett som det var nøydd til å sjå romsleg på passasjersertifiseringa. I somme pressa situasjonar skal fartøy ha ført med seg det fleirdoble av sertifisert passasjertal.

I utgangspunktet skulle tyske militære ikkje reise med erstatningsfartøya. Eit unntak var når uvæpna tyske militære reiste over kortare avstandar i samband med permisjonar. Eit særleg problem oppstod når væpna folk frå okkupasjonsmakta tvinga seg til passasjerplassar ut over det fartøyet var sertifisert for. Ein instruks frå rikskommissær Josef Terboven var omdelt til skipperane på erstatningsfartøya. Der heitte det seg at tysk militært personell skulle reise uvæpna. Dersom dei var væpna, skulle våpna avleverast og låsast inne om bord. Dette pålegget vart berre delvis etterlevd. Det var klart for alle kven som hadde makta. Det hende at norske reisande måtte gå på land igjen frå fartøya, fordi reisande tyskarar tvinga seg plass med makt. Ved usemje om slikt skal skipperar ha fått juling av tyskarar.

Blant dei reisande var også motstandsfolk i oppdrag – eller på flukt. Både tysk personell og kollaboratørar, og motstandsfolk reiste truleg rett som det var i lag på same fartøy. Ein opplagt

risikosituasjon. Når det var kjent at tysk personell reiste med erstatningsfartøya, vart fartøya av allierte stridskrefter ofte sett på som legitime mål for angrep. Skipperane stod under eit konstant press frå ei rekkje motstridande omsyn.

### **DRIVSTOFF:**

Alle dei ordinære hurtigruteskipa hadde dampmaskin. Dei fleste vart fyrte med kol, nokre hadde oljefyrte dampkjelar. Kol frå Svalbard var ikkje å få. Kolet kom frå Mellom-Europa og vart halde for å vere av dårleg kvalitet.

Dei fleste fartøya i erstatningsruta hadde forbrenningsmotor, mest semidiesel. Olje måtte også kome sør frå. Okkupasjonsmakta sine behov gjekk fram om alt anna. Dei tyske krigsskipa, som var stasjonerte i Alta-området: *Tirpitz*, *Scharnhorst* og fleire andre, hadde oljefyrte dampkjelar. Ved bunkring gjorde dei store innhogg i forsyningane. Krigsskipa vart bunkra frå kvalkokeri brukte som tankfartøy. Besøk av kvalkokeri var ofte teikn på at noko var i gjere.

For fartøya i erstatningsruta var oljeforsyninga ein vanske heile tida. Å la motorane gå på tomgang var ikkje bra. Oljen var ikkje av god kvalitet. Det gjorde at stempelsjau var ein stadig aktivitet for maskinfolka på erstatningsfartøya. Samseilinga sine folk i Tromsø dreiv atskilleg diplomati overfor tyske styresmakter for å sikre tildeling av drivstoff. I mai 1944 kom det reduksjon i oljekvotane. Dette gjorde det nødvendig med visse endringar i seglingsmønsteret for å utnytte den tilgjengelege mengda av olje best mogleg. Blant anna med omlastingar under vegs for å unngå at fartøy segla med unytta lastekapasitet.

### **FORHOLD FOR DEI REISANDE:**

Fartøya i erstatningsruta var i utgangspunktet ikkje innretta på passasjertransport. Somme av fartøya fekk påbygd meir eller mindre provisoriske dekkshus for dei reisande. Men elles var det i hovudsak fartøya sine ordinære

lugarar for mannskapa dei reisande måtte nytte. Reisande og mannskapa delte på lugarplass og gjekk om kvarandre. Dersom lasteromma ikkje var oppfylde med fraktgods, kunne reisande innrette seg best dei kunne i dei ledige delane av lasteromma. (Ein må kunne gå ut frå at skipperlugar og liknande var reserverte, og eventuelt avlåste, for oppbevaring av pengar, verdipost, passasjerlister, fraktpapir, avleverte våpen osv).

Nokre sitat frå Trygve Nordanger i boka *‘Lang kyst’* om forholda for passasjerane om bord på reisene:

Redningsmateriell: ‘--- 120 om bord disponerte en to og en halv roms spissbåt. ---’.

Med så lite redningsmateriell var mange i realiteten dømde til å omkome – dersom noko hende.

Liggeplass: Ein del reiser strekte seg over fleire døgn. Dei reisande fekk trong for å leggje seg ned på.

*‘--- Ingen køy fikk stå ubrukt, og var det så visst plass til det, måtte to og to dele samme leie. Om det var mann og kvinne som ble maket sammen, var det ingen som spurte om. ---.*

*--- en kurer --- ble det gjort rom for ham i en køye hvor det lå en kvinne fra før. Kureren bar pistol stukket ned ved lysken, og den jernete gjenstanden må ha vært årsak til misforståelsen. Kvinnen laget et svare oppstyr ---’.*

Ved overnatting i lasteromma var postsekkar greie å ligge på – sjølv om det var årsak til misnøye hos postverket.

Matstell: ‘--- Noen stelte seg selv om det gikk an, satt i lugar og rom og stekte sild på medbrakt primus. ---’.

Påmønstra stuertar på fartøya pleidde kontaktar på stoppestadane og dreiv småhandel med desse for å skaffe råstoff til matlaging om bord.

Hygiene: Pumpelukt var nokså sjølsagd om bord i trefartøy. Sjøsykje og naturleg avtrede: ‘--- At andre ikke vant seg på dekk (---) og kanskje måtte ha siria ned, var naturlig sak og ingenting å bry seg med for andre. (---) Det eneste spørsmål som gjerne ble stilt, var om folk hadde lus. ---’.

(Om bord i fartøy utan toalett har ‘ho Siri’ vore namn på dobøtta).

Når køyer om bord vart brukte av stadig skiftande personar, var overføring av lus ikkje til å unngå. Det skal ha førekome at mannskap på fritørn ikkje slapp i hus heime før alle kleda var fjerna og komne i avlusing. Vinterstida var kulde sikraste middel mot spreiding av lus. I Tromsø vart det oppretta ein anstalt for avlusing.

Tampar og trosser: Vinterstida, med frost, måtte fortøyingstrosser oppbevarast innandørs eller i lugarar under dekk, i plusstemperatur, for at dei skulle vere handterlege når skutene skulle fortøyast.

### **REGULARITET:**

Med all uvisse og restriksjonar som krigen førte med seg for kysttrafikken, var det ofte så som så med regulariteten i ruta. *Skandfer* var ei av dei minste skutene som segla i erstatningsruta. Skuta trafikkerte for det meste ruta mellom Tromsø og Hammerfest, men gjorde også nokre turar til Honningsvåg. *Skandfer* fekk ord på seg å segle nokså regelmessig etter rutetidene. *Skandfer* hadde rettnok ein påliteleg og godt likt skipper. Men det omdømme som skuta og skipperen fekk, var neppe typisk for ruta som heilskap. Til det var det for mange usikre moment i opplegget, med både seglings-restriksjonar og kapasitetsproblem.

Omdisponeringar og forseinkingar var heller vanleg. Det hende frå tid til anna at skipperane fann veret for dårleg og krigsrisikoen for stor til å halde fram – og snudde.

Dei ordinære hurtigrutene førte med seg både passasjerar og fraktgods til Tromsø i større omfang enn det fartøya i erstatningsruta vidare



*Selfanger 'Skandfer' ved Bjørnøya. 14.06.46.  
Foto Birger Rasmussen, Ishavsmuseets arkiv*

nordover hadde kapasitet til å ta unna. Lasting og lossing tok meir tid enn tidlegare på grunn av mørklegginga og på grunn av mangel på laste- og lossearbeidarar.

Ved anløp i Tromsø vart det søkt handheva ei rangordning med omsyn til kaiplass – forsøksvis i slik rekkje følgje: Hurtigrutene sørfrå (medrekna erstatningsfartøya), lokalrutebåtane, ilgodstrafikk, ordinær godstrafikk. Postsendingar kom eit stykke nede på lista.

Varer som hurtigrutene lossa i Tromsø måtte lagrast i påvente av vidare transport. Agentur og speditørar i Tromsø hadde ikkje nok lagerkapasitet, og varer måtte lagrast provisorisk. Mat, medisin og andre nødvendige varer måtte prioriterast. Dette gjekk blant anna ut over postgangen. Det har vorte fortalt om julepost som kom fram i februar. Postsekkar måtte lagrast under presenningar utandørs. Tilhøvet mellom administrasjonen av erstatningsruta og postverket var ikkje det beste. Dette var i ei tid med varemangel, med rasjonering av det meste. Mjøl, kaffi, sukker, poteter, grønsaker og mykje anna vart rasjonerte – om varene i det heile var å få tak i. Like eins tobakk, sigarettar, øl og brennevin.

Utflytte finnmarkingar sende frukt og grønt nordover frå sørlege landsdeler betre eigna for dyrking av slikt, som før, utan å vere klar over

tilstandane som rådde i nord. Under provisorisk lagring vart det svin. Nettopp ferskvarer tolte ikkje lang lagring. Ein god del av slike varer vart skjemde som menneskeføde under provisorisk lagring. Det var heller ikkje til å unngå at trengande forsynte seg ulovleg av slike varer. Verdipost, til dømes med rasjoneringskort, var særleg utsett for tjuveri. På grunn av dette vart det innført ei ordning med superkargo på fartøya. (Superkargo er nemning på den person om bord som har ansvar for lasten, på erstatningsfartøya som oftast styrmann/bestmann).

#### **FARTØYA I ERSTATNINGSRUTA:**

Flåten i erstatningsruta talde 29 fartøy som ein kjenner med namn og varierende omfang av opplysningar. Det kan ha vore fleire fartøy i ruta som ikkje har gått inn i rutestatistikkane eller ikkje på annan måte har sett spor etter seg. Somme opplysningar kan tyde på at opp mot eit femtital ulike fartøy, med stort og smått, kan ha vore inn om teneste i erstatningsseglingane. Slike kan ha vore fartøy som vart innleigde for særlege eingongsoppdrag, til dømes frakt av post. Det hende også at gods vart sendt med fartøy som eigentleg segla i andre oppdrag.

Opplysningar om fartøya har ikkje alltid vore lett tilgjengelege og varierar derfor sterkt i omfang - og manglar heilt i somme tilfelle. Her er det lagt vekt på tida i erstatningsruta. Fartøyhistorikk for tida før og etter andre verdskrig er her berre tatt med der det har særleg interesse. Slike var evakueringa frå Finnmark og Nord-Troms, opprydding på Svalbard etter krigen, ishavsforslis og einskilde andre forlis og kondemneringar. Ein del opplysningar – namn, fiskerimerke, eigar, skipper, heimstad, dimensjonar osv – er ikkje nødvendigvis tidsrette i høve til tida i erstatningsruta. Men opplysningane er her likevel tatt med, då dei har tent til å identifisere fartøya.

#### **FISKEFARTØY, FRAKTESKUTER M.M.: ANGLE I:**

**Gjorde 9 turar i erstatningsruta mai 1943 – juli 1943. Frakta til saman 300 passasjerar. -**

--- Kutter. Heimehøyrende hos reiarlaget Angell, Sørreisa. Fiskeriregistrering T 53 SA. Skipper (ukjent fornamn) Angell. Mannskap på 5. Passasjersertifikat for 15 personar. Avløysingsfartøy sommaren 1943.

#### **BILBAO:**

**Gjorde 19 turar oktober 1943 – juni 1944. Postrute. Mangla passasjersertifikat, men skal ha frakta til saman om lag 500 passasjerar. ---- 43 brt. Tilhørde Johs. Bakke m. fl., Rotsund. Mannskap på 6. Skipper Karsten Bakke.**

#### **DRIFT:**

**Segla i godsrute Tromsø-Vadsø. ----**  
Fartøyhistorikk ukjend.

#### **ETHEL MAY:**

**Gjorde 42 turar mars 1942 – oktober 1944. Frakta til saman 5000 passasjerar. ----** Bygd i Brixham, Storbritannia, 1893. Frakteskute, fiskebåt. 68 ft, 52 brt. Volda-motor 50 hk. Eigar frå 1939 var P/R Otto Kjær m. fl., Tromsøysund. Skipperar var Theodor Grødahl, Tromsø, og John Dahl, Hammerfest. Sertifisert for 20 passasjerar. Mannskap på 8. Brukt i evakueringa frå Finnmark og Nord-Troms hausten 1944. Deltok i evakueringa av Hammerfest.

#### **GRINNØY:**

**Gjorde 55 turar januar 1942 – oktober 1944. (Kom inn i ruta etter Vaalands forlis januar 1942). Frakta til saman 2500 passasjerar. ----** Bygd 1941. 100 ft, 135 brt. Wichmann 150 hk. Disponert av AS Nordkyst (Astrup Holm og Helge Jakobsen), Tromsø. Sertifisert for 25 passasjerar. Mannskap på 8. Skipper var Torleif Davidsen. (Seinare fiskeriregistrering ST 67 S, dvs Stokksund, Sør-Trøndelag).

#### **HANSNES:**

**Gjorde 14 turar mars 1944 – oktober 1944. (passasjertal ukjent). ----** Kutter, ny i 1944. 51 brt. Passasjersertifikat for 10 personar. Tilhørde P/R Hansnes, Mestervik i Malangen. Mannskap på 7. Skipper Petter Hansen. Oktober 1944 rekvirert av tyskarane.

### **HAVNNES:**

**Gjorde 24 turar november 1943 – oktober 1944. Frakta til saman 850 passasjerar. ----** Bygd 1943. 79 ft. Union 120 hk. T 51 S. Tilhøyrdte Giæver AS, Havnnes. Mannskap på 6. Skipper Hilmar Flåten. Sertifisert for 20 passasjerar. Vart brukt i evakuering hausten 1944.

### **HEIMDAL II:**

**Gjorde 32 turar august 1942 – februar 1944. Frakta til saman 500 passasjerar. ----** Bygd 1942. 66 ft, 54 brt. Brunvoll 84 hk. Sertifisert for 15 passasjerar. Mannskap på 5. Skipper og reiar Ingolf Gottliebsen, Kårvikhamn ved Finnsnes.

### **HELT/HELL?**

(avvikande opplysningar om namn og fartstid): **Gjorde 5 turar mai 1943 – juli 1943 (1944?). Mangla passasjersertifikat. ----** 54 brt. Mannskap på 5. Heimehøyrande hos Paul Salsvik, Sotra/Bergen. Skipper Olav Isaksen.

### **HOLMENGRÅ:**

**Postkuttr. I 1942 avløyst som postbåt av Trygg I. ----** Fartøyhistorikk ukjend.

### **JANA:**

**Gjorde 25 turar september 1943 – oktober 1944. Frakta til saman 500 passasjerar. ----** Bygd i 1939. 70 ft. Wichmann 120 hk. Banklinebåt. Registrert A 18 A (Aker kommune i Akershus). Tilhøyrdte brørne Jørgen og Nils Arvesen, opphavleg frå Andørja, under krigen busette i Oslo-området. Skipper i erstatningsruta: Martin Langø. Rekviert av tyskarane oktober 1944.

### **MIL 33:**

**Gjorde 70 turar oktober 1941 – oktober 1944. Frakta til saman 1700 passasjerar. ----** Frakteskute, 40 tonn, bunkersbåt (frakta olje på fat), i teneste for Norsk Brændselolje AS (med foretaksnamnet MIL). Sertifisert for 10 passasjerar, mannskap på 6. Eigar Norsk Tankanlegg, Oslo. Skipper var Bernhard Johansen, Gibostad. Snudde ofte i Mehamn på ruteturane. (Seinare namn: *Sveøy* av Hadsel).



*Moder II. Foto frå Tore Topp*

### **MODER II:**

**Gjorde 31 turar november 1942 - mai 1944. Frakta til saman 1000 passasjerar. ----** Bygd i 1870. Opphavleg namn *Moder*, utan namnetal. Ei tid vart fartøyet brukt som flytande lager. Namn og andre kjenneteikn fjerna frå registra. Namnet *Moder* overtatt av eit anna fartøy. Då eigarane av det avregistrerte fartøyet etter ei ombygging ville ta det i bruk igjen med same namn, var namnet *Moder* opptatt. Det måtte føyast til eit romartal II: *Moder II*. I tida i erstatningsruta 124 brt, Wichmann 150 hk. Eigarar var Thomas og Ludolf Schjelderup, Skånland i Bodin. Administrert i erstatningsfarten av Vesteraalens Dampskibsselskab, Stokmarknes. Mannskap på 8. Skipper Olav Mikalsen. Maskinist Sigurd Melby. Sertifisert for 20 passasjerar. Kapra av sovjetiske torpedobåtar, sett i brann og senka ved Kiberg, på veg frå Vardø til Vadsø 7.5. 1944. (Somme publikasjonar seier 'ved Komagvær'). Alle om bord – 7 passasjerar og mannskap på 8 - overlevde og vart tatt med til Murmansk og internert. Fleire var skadde og vart tatt med til sjukehus i Poljarnyj, på vestsida av ytre del av Murmanskfjorden.

Ved senkinga av *Moder II* var Peder Holt (1899-1963) ein av passasjerane. Før krigen var han ordførar i Vardø og redaktør i den lokale arbeidarpartiavisa. Under krigen var han motstandsmann. Etter krigen var han statsråd i to bolkar: forsyningsminister 1945-48 og fiskeriminister 1951-55. Deretter fylkesmann i Finnmark. I desse posisjonane spelte han ei viktig rolle i gjenreisinga i Finnmark og Nord-Troms.



*Moder II, modell bygd av Tore Topp.*

I mai 1944 var Holt på reise med *Moder II* frå Vardø til Vadsø for å delta i eit hemmeleg møte i motstandsørsla. Blant møtedeltakarane var fylkeskontorsjef og seinare stortingsrepresentant Erling Norvik senior (1899-1964), far til den seinare Høgre-leiaren med same namn. Møtet var klarert av den norske London-regjeringa og gjaldt etablering av sivil administrasjon i Finnmark etter ein venta tysk kapitulasjon.

Andreas Thomassen, styrmann på *Moder II* om reisa med motortorpedobåtane til Russland og internering der: ‘--- Etter hvert bar det av gårde i en voldsom fart. De som var såret ble forbundet av sanitetssoldater og vi som var bare i undertøyet og barføttes, fikk litt tøy av de andre. Etter ca 45 minutter kom vi til Fiskerhalvøya i Russland. De som var såret ble hentet med hest og slede, mens vi andre måtte gå ca 50 minutter i snøslaps fram til en bunker hvor vi ble plassert i celler to og to. ---’. (Deretter vart dei plassert i ulike leirar). ‘--- Heldigvis ble Peder Holt og jeg satt i samme gruppe. Han hadde vært i Russland før og kunne gjøre seg litt forståelig på russisk. Vi kom i kontakt med personer som hadde noe innflytelse og fikk forklart dem at vi var nordmenn og ikke hadde noe med tyskerne å gjøre. Dermed slapp vi ut av cellene og fikk te, makarka, og paperussu. Det siste var tobakk og sigaretter som russerne bruker. Søndag kveld bar det samme veg tilbake om bord i en kanonbåt ut Murmanskfjorden til en flåtehavn som heter Alisandraski. Her ble vi flyttet videre til Poljarny, hvor vi ble værende samlet i et par



*Portrett av statsråd Peder Holt, tatt 1946. Arkiv: Finnmark fylkesbibliotek*

*måneder. Etter det ble vi skilt fra hverandre og først i februar 1945 ble jeg kjørt med bil til Kirkenes. -’. (Topp, udatert artikkel).*

Med unntak av styrmann Henry Dahl Meyer vart alle frå *Moder II* returnerte til Norge etter krigen. Peder Holt vart brakt tilbake til Vardø av eit sovjetisk fartøy i november 1944. Etter fullmakt frå London-regjeringa stilte han seg i brodden for eit administrasjonsråd. Rådet skulle gjenopprette ein sivil administrasjon i Finnmark så snart som mogleg etter at tyskarane hadde fullført evakuering og nedbrenning og trekt seg ut av området.

Under opphaldet i Murmansk-området skal Henry Dahl Meyer ha verva seg til teneste for Sovjetunionen. Meyer døydde truleg i januar 1945. Dødsårsak er usikker, men ein del ting tyder på at han hoppa ut frå sovjetisk fly over Ifjordfjellet i Finnmark for eventuelt å opptre som agent for Sovjetunionen. Meyer skal ha mist livet fordi fallskjermen ikkje opna seg. Meyer sin lagnad var lenge uvisst. Det gjekk fleire år etter krigen før reindriftssamar kom over restane av eit lik. Inskripsjonen på ein

giftinger sannsynleggjorde at det var leivningane etter Meyer som var funne.

#### **MORILD I:**

**Gjorde 45 turar desember 1941 - september 1943. Først og fremst godsroute, men skal likevel ha frakta til saman 200 passasjerar. --**  
-- Bygd 1904. 76 ft. 49 brt. Wichmann 150 hk. Tilhøyrde frå 1940 AS MK Nordlys III (Johs. H. Giæver jr). Fiskeriregistrering F 7 H. Mannskap på 5. Skipper og medeigar: Edenhart Larsson, Hammerfest. Brukt i evakueringa av Finnmark.

#### **MØLLERGUTTEN:**

**Gjorde 5 turar november 1943 – januar 1944. Mangla passasjersertifikat. ----** 107 brt. Tilhøyrde Johs. H. Giæver, Havnnes. Mannskap på 7. Skipper Hilmar Henriksen. (Tidlegare handelsreisandebåt, tilhøyrande I. C. Piene & Søn, mølle i Buvik, Trøndelag).

#### **NORDLYS III:**

**Gjorde 7 turar oktober 1943 – januar 1944. Mangla passasjersertifikat. Segla i Vesteraalens Dampskibsselskab si godsroute. -**  
--- 78 ft, 110 brt. T 68 S. Mannskap på 7. Skipper (ukjent fornamn) Nilsen. Eigar AS Johs. H. Giæver, Havnnes.

#### **TRYGG I:**

**1 tur april 1942.** 50 tonn. Tilhøyrde Feddersen og Nissen, Hammerfest. Mannskap på 5. Skipper Ivar Iversen. Postbåt. Etter kort tid rekvirert av okkupasjonsmakta.

#### **ULØY:**

**Gjorde 1 tur juni – juli 1944. Til saman 75 passasjerar. ----** Bygd i 1942. 131 brt. Union 200 hk. Tilhøyrde AS Nordlys III (Johs. H. Giæver), Havnnes i Skjervøy m. fl. T 53 S. Sertifisert for 25 passasjerar. Mannskap på 8. Skipper Mathias Nilsen. Skoten i brann av fire sovjetiske fly ved Hamningberg på veg frå Vardø til Syltefjord/Båtsfjord på si einaste segling 7.7.1944. Angrepet forvandla skuta til eit blodbad, med drepte og grovt lemlesta folk utan sjanse til å overleve. Resultat: 14 omkomne (12 passasjerar og 2 frå mannskapet).



*Uløy*

Det utbrende vraket av *Uløy* vart slept til Vardø og sokk like innanfor moloen. Motoren i vraket seinare heva og reparert. Seinare sett inn i frakteskuta *Glommen 4* då denne etter krigen vart ombygd til ishavsskute og kom i drift med namnet *Henningsvær*.

Omkomne passasjerar: Arthur Bredesen; Astrid Bredesen; Kari Grønseth; Emma Gustavsen; Jenny Hågensen; Ranveig Hågensen; Karl Johnsen; Arnhild Josefsen; Oddvar Josefsen; Halfdan Pedersen; Karl Ramstad; Einar Talberg. Omkomne frå mannskapet: Magne Nilsen (bestmann); Jakob Lokkertsen (maskinist). Lokkertsen døydd på den provisoriske sjukestova i Syltefjord eit par dagar etter angrepet. (I somme trykte framstillingar blir det ymta om eit par omkomne til - uidentifiserte. Passasjerliste og liknande gjekk tapt i angrepet).

Dei omkomne passasjerane på *Uløy* var reisande i sivil samanheng - i yrke eller fritid. To av dei omkomne skilde seg litt ut: Kari Grønseth og Emma Gustavsen. Begge var offiserar i Frelsesarmeen i Finnmark. Kari Grønseth var passasjer og fekk splintskader då *Polarfjell* i juni 1944 vart angripen av tre sovjetiske fly, der eitt av dei kom så nær at det knekte mastetoppen på skuta. I juli 1944 var Grønseth på veg med *Uløy* frå Vardø til eit rekreasjonsopphald i Syltefjord. Emma Gustavsen var med som reisefølgje. Begge miste livet i angrepet på *Uløy*.

### **WELCOME:**

**57 turar med last oktober 1941 – juni 1944. Mangla passasjersertifikat. Innleigd av VDS for varetransport. --- Bygd 1868. 65 ft. 65 brt. Finnøy 70 hk. Tilhørde P/R Wellcome (Brørne Rønquist, Hammerfest). Frakteskute. Mannskap på 6. Skipper Hardly Rønquist, Hammerfest. (Tidlegare fiskeriregistrering ST 10 SN).**

### **YNGVARD:**

**4 turar desember 1941 – februar 1942. (Passasjertal ukjent).**

### **ÅSE:**

**69 turar mai 1942 – oktober 1944. Mangla passasjersertifikat. Postbåt. --- 37 brt. Mannskap på 5. Skipper Wilhelm Pedersen. Reiar Nikolai Pedersen, Kvalfjord, Stjernøya.**

### **ISHAVSSKUTER:**

#### **ALTENFJORD:**

**Gjorde 3 turar oktober 1941 – desember 1941. (Passasjertal ukjent). --- Bygd i 1913, Bolsønes, 85 ft lengd og 112 brt. Dampmaskin Brunholmen MV 74 hk. (1949 Bolinder 220 hk). Eigar var Feddersen og Nissen, Hammerfest. Fiskeriregistrering F 4 H. Skipper Jens Olsen.**



*DK Altenfjord, felleskjøpkaia Tromsdalen 1949. Foto frå Halvar Nilsen*

**BLÅSEL: Gjorde 114 turar oktober 1941 – oktober 1944. Frakta til saman 3500 passasjerar. --- Bygd 1907 i Skånevik. (Ex. Barry). 79 ft. 70 brt. Bolinder 96 hk. Tilhørde**



*Blåsel. Foto frå Halvar Nilsen*

P/R Blåsel (Conrad Rye Holmboe (VDS' mann i Tromsø) m. fl.). Fiskerimerket T 37 T. Mannskap på 7. Skipper Lorentz Albertsen. Sertifisert for 10 passasjerar. Skuta snudde ofte i Mehamn. Pårend av tysk slepebåt MS *Danzig* ved kai på Tromsø hamn 02.03.1943.

#### **MAIBLOMSTEN:**

**Gjorde 49 turar Tromsø-Vardø (avbrot for verkstadopphald) oktober 1941 – oktober 1944. Frakta til saman 2000 passasjerar. --- Bygd 1911. 69 ft. 99 brt. Wichmann 170 hk. Eigar Thorvald Brox m. fl., Tromsdalen. Fiskeriregistrering T 2 TD. Skipperar: Ole Hansen og Henry Olsen (bestefar til seinare fiskeriminister Jan Henry T. Olsen). Var av dei første som vart engasjerte i erstatningsruta, hausten 1941. Mannskap 8 mann, sertifisert for 20 passasjerar. Etter krigen i teneste for sysselmannen på Svalbard.**



*Maiblomsten ca 1950. Foto frå Halvar Nilsen*

### ***POLARFJELL:***

**Gjorde 67 turar oktober 1941 – oktober 1944. Frakta til saman 3000 passasjerar. ----** Bygd 1924. 85 ft. 78 brt. Union 150 hk. Tilhøyrd F/R Polar (Astrup Holm m. fl.), Tromsø. Fiskeriregistrering T 56 T. Skipper Hans Sørensen. Sertifisert for 20 passasjerar. Mannskap på 8. Var av dei første som vart engasjerte i erstatningsruta for strekninga Tromsø-Vardø hausten 1941.

### ***QUEEN OF THE FLEET:***


**Gjorde 20 turar november 1941 – juni 1942. Ikkje passasjersertifikat. I teneste for Vesteraalens Dampskibsselskab si godsroute. -** --- Bygd i Great Yarmouth, Storbritannia, 1872. 66 ft. 55 brt. Bolinder 86 hk. Mannskap på 5. Skipper og reiar Karl A. Pettersen, Hammerfest, i tida i erstatningsruta.

**RINGØY: Gjorde 14 turar 13. mars 1944 – 24. oktober 1944. Mangla passasjersertifikat. ----** (Ex ishavsskute *Wild Flower*, F 9 H. Feddersen & Nissen, Hammerfest). Bygd 1885. I 1944 eigd av Martin Gudmundsen, Tromsø. Mannskap på 7. Skipper Alfred Gudmundsen. 93 ft/127 brt. Frå mars 1944 i Vesteraalens Dampskibsselskab si godsroute Tromsø-Finnmark. Frå november 1944 i evakueringa Finnmark-Tromsø.

### ***SKANDFER:***

**Gjorde 188 turar på strekninga Tromsø – Hammerfest september 1941 – oktober 1944, tre turar i veka. Frakta til saman 7500 passasjerar. ----** Bygd av Nils Skandfer i Kulstadsjøen i Vefsn i 1912. Namn etter båtbyggjaren. 52 ft. 38 brt. Motor i tida i erstatningsruta Wichmann 100 hk. Tilhøyrd Oskar Holten og Helge og Øistein Jakobsen. I tida i erstatningsruta med fiskerimerket T 140 TD. Skipper Øistein Jakobsen. Mannskap på 4. Sertifisert for 15 passasjerar. Etter krigen i teneste ei tid som sysselmannsbåt på Svalbard.

Skipper Øistein Jakobsen (1907-1947) på *Skandfer* var frå Jakobsen-slekta i Tromsdalen, ein sentral familie innan ishavsdrifta. (I




*Skandfer*

skriftlege framstillingar har førenamnet hans vore skrive på ulike måtar: Øistein, Øystein og Eystein). Han var hjelpsam og populær blant dei reisande. På skuta, som var sertifisert for 15 passasjerar, skal han ha hatt med rundt 60 passasjerar på somme turar. (I ein nødssituasjon skal skuta hatt 140 personar om bord).

Det dei fleste reisande ikkje visste, var at Øistein Jakobsen også var sentral i motstandsarbeid. Det fekk han betale dyrt for. I juni 1944 vart radiostasjonen 'Lyra' i Porsa avslørt. Då vart store deler av motstandsnettverket i området avslørt. Gestapo gjekk etter namnelister og tok folk. På si siste rutesegling visste Øistein Jakobsen at han ville bli tatt. Han vurderte å forlate ruta og kurse mot Shetland. Men slo det frå seg, for han visste at dei ikkje hadde nok drivstoff om bord. Han vart tatt og torturert til det helselause – utan å sprekke. Det har vorte sagt at det var berre den tyske kapitulasjonen i mai 1945 som berga han frå å bli avretta. Hilmar Henriksen, med røynsle frå erstatningsruta som førar av *Møllergutten*, overtok som skipper på *Skandfer* etter at Jakobsen vart arrestert. Ved stortingsvalet i 1945 vart Øistein Jakobsen varamann for Venstre i Troms for perioden 1945-49. Han døydd av kreft i 1947, midt i valperioden.

Øistein sin bror, Helge Jakobsen (1901-1996), var kontorsjef i AS Nordolje. I tillegg var han deltakar i både Brødrene Jakobsen og reiarlaget



#### Bevidnelse

Undertegnede, skipper Øistein Jakobsen, fører av m/k "Skandfer" kan herved attestere at min bror, Helge Jakobsen viderebesørget de militære etterretninger og post som jeg transporterte under krigen mellom Tromsø - Hammerfest og Alta. I forståelse har jeg transportert radiosennere, etterretningsfolk m.m. de år jeg seilte med Skandfer i erstatningsruten, intil jeg blev tatt og arrestert i Porsa-Hammerfestsaken 1944. Under sikkerhetspolitiets forhør av mig som bl.a. en gang varte i 18 sammenhengende timer og hvor jeg fikk mye juling bl.a. også med gummikøller, røbet jeg ikke etterretningsvesnets kanaler fra Tromsø og videre sydover. Dermed blev ikke øvrige personer i Tromsø og Finnsnes spart og folk som Lindberg her min bror og Gran Finnsnes spart for å komme i klemme.

Tromsø 23. september 1946.

*Øistein Jakobsen.*

*Skipper Øistein Jakobsen. Foto frå Øistein Jakobsen*


AS Nordfisk. Han var dessutan medeigar i erstatningsfartøyet *Skandfer*. I tida 1961-1973 representerte han Venstre i Troms på Stortinget. Frå sin plass i AS Nordolje under krigen hadde han god oversikt over tilgangen til olje – heilt avgjerande for drift av erstatningsruta. Dessutan var han, akkurat som broren Øistein, involvert i motstandsnettverket.

#### **VAALAND:**

**Gjorde 5 turar november 1941 – januar 1942. Frakta 200 passasjerar. ----** Bygd i Massachusetts, USA, 1902. 103 ft. 106 brt. Avance 130/200 hk. Tilhørde frå 1918 Thorvald Brox, Tromsdalen. T 1 TD. Skipper Hans Brox. Sertifisert for 20 passasjerar. Senka av sovjetisk ubåt 6 km aust for Kjølnes fyr 19.1.1942, på veg til Vardø. Karl Teodor Karlsen (rormann) omkom. 18 passasjerar og 7 frå mannskapet berga.

Ved forliset hadde *Vaaland* med seg ei kiste på 120 kg, med 3,7 millionar kroner. (Summen seiast å tilsvare om lag 100 millionar kroner i

2020). Kista var innelåst under dekk og gjekk tapt ved forliset. Pengane skulle til Norges Bank si avdeling i Vardø. Norges Bank inviterte Norsk Bjergingskompani til å levere tilbod på heving av skuta og pengekista. Selskapet takka nei. På 40 meters djup ville berging rett nok la seg gjere. Men bergingsselskapet fann




*Vaaland. Foto frå Nils Rune Torrison*

krigsrisikoen for høg. Mange tiår seinare, med tilgang til moderne teknologi, har vraket vorte

lokalisert og fotografert. Berre dei mest bestandige delane av skroget kunne gjenkjennast. Pengekista var ikkje å sjå, mest truleg nedaura i sand på havbotnen.

#### **VARDØ: SJUKEHUSET OG KIRURGEN:**

Sverre Sørsdal (1900-1996) frå Hamar var kirurgisk overlege ved sjukehuset i Vardø i tida 1940-52. I studietida var han boksar på internasjonalt nivå og henta seg medaljer i olympiske leikar. Ferdig med studia var han to sesongar lege på kvalfangst i Antarktis.



*Sverre Sørsdal (1900-1996). Foto frå Norsk Idretts Æresgalleri*

Under tenesta hans i Vardø vart byen bomba av sovjetiske stridskrefter. I mars 1942 vart sjukehuset råka av eit angrep der 18 pasientar omkom. Sjukehuset evakuerte deler av verksemda si til uskadde ledige lokale i byen.

Etterkvart vart situasjonen slik at mykje av den medisinske verksemda vart flytt til provisoriske lokale i eit ledig skuleinternat i Syltefjord. Fleire timars båtreise frå Vardø.

Etter frigjeringa seinhausten 1944 flytte sjukehuset verksemda tilbake til Vardø og heldt fram i provisoriske lokale, til nytt, tidsmessig sjukehus vart bygt i 1950-åra.

Overlege Sørsdal stod i teneste ved Vardø sjukehus gjennom alle krigsåra. Han var ikkje berre ein autoritet på sitt fagområde. I ei tid med krig og kaos vart han også ein sentral person på andre samfunnsfelt enn det medisinske. Då konstituerte administratorar av fleire slag, med fullmakter frå norske styresmakter i London, rykte inn i dei frigjorde områda, var overlegen i Vardø ein av dei som nykomarane gjerne tok kontakt med.

#### **FARTØY MED USIKKER DOKUMENTASJON:**

Som nemnt skal visse opplysningar gå ut på at nærare 50 fartøy skal ha vore inn om erstatningsseglingane. På nettet finst følgjande nettstad: 'Hurtigrutene info. Omfattende uoffisiell side om hurtigrutene'.

På den nettstaden finn ein alle erstatningsfartøya som er med i oversikten ovanfor. I tillegg finn ein følgjande fartøynamn, som i følgje nettstaden sjølv er 'uoffisielle' – og nokre merkte 'tilfeldig'. Nokre av desse kan ha vore meir tilfeldig innleigde fartøy:

*Brødrene Nygaard; Driveren; Drott; Einar II; Fiskerjenta; Flid III; Fremad; Gry III; Harbakk; Heet; Juno; Karoline; Meløy; Nordfisk; Svanhild; Vårsild.*

Desse fartøya er det ikkje lett å finne historikken til. Etter kjeldenemninga er deira deltaking i erstatningsseglingane uoffisiell. Fleire av desse fartøya har heller tradisjonelle fartøynamn som også kan ha vore brukte på heilt andre fartøy. Derfor er det sterke atterhald knytte til denne fartøylista.

### ***Driveren:***

Opplysningar tyder på at *Driveren* kan ha vore tidlegare namn på fartøyet *Angle I*, T 53 SA, i oversikten over dokumenterte deltakarbartøy i erstatningsseglingane.

### ***Drott (somme tider stava Drot):***

Fartøyet kan ha vore identisk med den seinare ishavsskuta *Is-Ola*. Skuta skal i krigstida ha hatt dampmaskin på 75 hk. *Drott* tilhørde Feddersen og Nissen i Hammerfest. Skuta var i Vestisen i orkanåret 1952 og kom forholdsvis velberga gjennom uveret.

### ***Einar II:***

Fartøyet skal ha ført passasjerar og post mellom Vardø og Vadsø. *Einar II* var truleg identisk med fartøyet med same namn som i fiskeridirektøren sitt register i 1966 vart oppgitt med fiskeriregistrering F12V, dimensjonane 40 ft. / 12 brt., byggjear 1934, ombyggingsår 1937.

### ***Brødrene Nygaard:***

Mykje tyder på at *Brødrene Nygaard* i denne lista kan ha vore identisk med segljekta *Brødrene Nygaard*, bygd 1914, heimhøyrande i Gildeskål. Fartøyet vart nedrigga til lekter og ombygd til motordrive fiske- og fraktestartøy i 1941/42. Fartøyet forliste i Steigen i 1957 (Pedersen 2019). Fartøyet kan ha vore med på erstatningsseglingar i tida etter 1942.

### ***Svanhild:***

Ein hypotese: Opp gjennom tidene kan det truleg ha vore fleire fartøy av ulike slag som har bore namnet *Svanhild*. *Svanhild* i fartøylista ovanfor kan vere identisk med galeas *Svanhild* som mange tiår seinare høyrde heime ved Kystmuseet i Florø. Fartøyet skal opphavleg ha vore ei jakt, med heimhamn i Kristiansund. Nedrigga til fraktestartøy skal *Svanhild* tidleg i september 1941 ha vorte leigd av den tyske Wehrmacht for eit fraktoppdrag med byggjetilfang og personell frå Narvik til Kirkenes og Petsamo (Petsjenga). Framhalds-krigen mellom Finland og Sovjetunionen var i gong frå midtsommar 1941. Finland omfatta på



*Svanhild. Foto frå nettstaden [www.svanhild.no](http://www.svanhild.no)*

den tid Petsamo-området, med kystlinje til Barentshavet.

Ved innløpet til Petsamo vart *Svanhild* skoten på frå batteri på Fiskerhalvøya på sovjetisk side. Fartøyet fekk ein del overvass-skade. *Svanhild* vart assistert tilbake til norskekysten av eit tysk marinefartøy. Overbygget var mykje skadd. Men skroget var tett, og maskin og ror fungerte. Skuta kom seg tilbake til Tromsø. Der vart det halde sjøforklaring – om lag på same tid som seglingane i hurtigruteerstatninga starta.

Ved samanlikning av historikk og tekniske opplysningar i sjøforklaringa - og tilsvarande opplysningar i medlemsmatrikkel frå Norske Forening for Fartøyvern, er det mykje som tyder på at det dreiar seg om ei og same *Svanhild*. Men vi har ikkje funne haldepunkt for at skuta deltok i erstatningsseglingane. *Svanhild* er nemnd med fartøyhistorikk i fleire samanhengar. Der er svært lite om fartøyhistoria mellom motorbyttet på 1930-talet og 1960-åra. Her må ein kunne reise spørsmål om *Svanhild* kan ha kome inn i oversikten over moglege erstatningsfartøy ved ei mistyding.

*Svanhild*, heimhøyrande ved Kystmuseet i Florø, fekk eit langt liv vidare. Mange tiår seinare vart fartøyet restaurert som galeas og brukt til blant anna ei jordomsegling.

— — —

I tal fyller dei nemnde fartøya i fartøylista ovanfor omtrent ut anslaget på totalt nærare 50 fartøy som deltok i erstatningsseglingane (Hurtigrutene info. Omfattende side om hurtigrutene).

Elles: Det er rimeleg å rekne med at ei rekkje sjarkar og mindre fiskebåtar utførte frakt- og skyssoppdrag over avgrensa strekningar, utan at dei var del av erstatningsseglingane. Til dømes tilbringarfart til og frå erstatningsfartøya, til og frå fjordarmar og utvær – der erstatningsfartøya vart ekspederte ved båtstopp, utan å gå til kai.

### **MANNSKAPA PÅ ERSTATNINGSFARTØYA:**

Det har ikkje vore lett å få oversikt over bemanning på erstatningsfartøya – opplysningar spriker. Det tilgjengelege materialet viser at fleire fartøy i ruta hadde mannskap på åtte mann. For desse fartøya er det naturleg å tenkje seg slik samansetjing: to navigatørar (skipper og styrmann/bestmann); to i maskinen (maskinist og maskinassistent); ein stuert og tre matrosar. Ein variant: ein styrmann meir og ein matros mindre. På dei minste fartøya greidde dei seg med skipper, bestmann, maskinist og dekksmann.

### **AVSLUTNING AV SEGLINGA I ERSTATNINGSRUTA:**

Ei avgjerande hending var tapet av *Uløy* i juli 1944. I oktober 1944 vart det heilt slutt på ordinær trafikk i erstatningsruta. Slutten på erstatningsseglingane var då *Skandfer* kom tilbake til Tromsø etter siste rutetur 29. oktober 1944.

På den tid var mykje av kysttrafikken stoppa, blant anna på grunn av mangel på drivstoff. På seinhausten det året gjennomførte tyskarane 'den brente jords taktikk' i Finnmark og Nord-Troms. Dei tvangsevakuerte folk og brende ned alt så langt dei rakk – før dei drog seg tilbake til ny forsvarslinje ved Lyngen. Sovjetiske styrkar rykte inn i Finnmark.

### **LITT STATISTIKK:**

Lengste utsegla distanse: *Skandfer* 45 120 kvartmil, omlag 7 500 passasjerar. *Polarfjell* 40 334 kvartmil, omlag 3 000 passasjerar. *Blåsel* 39 140 kvartmil, omlag 3 500 passasjerar. Totalt skal erstatningsruta ha frakta ca 25 000 passasjerar.

Tre fartøy gjekk tapt som følgje av direkte angrep, alle frå sovjetisk side: *Vaaland* i 1942; *Moder II* i 1944; *Uløy* i 1944. Alle tre fartøya gjekk tapt ved Varangerhalvøya, på den opne og utsette havstrekninga mellom Berlevåg og Vadsø.

Samla tal på dokumenterte omkomne i angrepa: 12 passasjerar, 3 frå mannskapa.

Eit visst atterhald med omsyn til talet på omkomne. Litteratur og oppslagsverk oppgir litt avvikande tal. Ettersom det var usikre tider, med mykje som gjekk føre seg i løynd, er truleg somme taloppgåver noko upålitelege. Ved forlisa – alle etter angrep frå ubåt, motortorpedobåt eller fly – gjekk passasjerlister tapt. Dette gjorde det vanskeleg i ettertid å etablere oversikt over omkomne.

### **ERSTATNINGSRUTEFARTØY OG DELTAKING I EVAKUERINGA:**

Seglingane i erstatningsruta stoppa i slutten av oktober 1944. Mykje av kysttrafikken, medrekna erstatningsseglingane, stoppa – på grunn av krigshandlingar og drivstoffmangel. Tyske og sovjetiske styrkar var i harde kampar på Kola-halvøya vest for Murmansk. Etter bitre kampar vart dei tyske styrkane drivne vestover – mot ei ny forsvarslinje ved Lyngen. Frå den sentrale krigsleiinga i Tyskland kom ordre om tilbaketrekkjing av tyske styrkar frå Finnmark og Nord-Troms. Alt som kunne kome dei framrykkjande sovjetiske styrkane til gode, skulle så langt råd var brennast og øydeleggast. Området skulle omgjerast til ein arktisk ørken. Folket i området skulle evakuerast med tvang sørover. Dei som kunne, søkte tilhald i gruvegangar, fjellholer, gammer osv. Men mange hadde ikkje anna val enn å la seg evakuere.

Organisering av evakueringa var kaotisk – med fleire meir eller mindre konkurrerende aktørar på tysk side: Den tyske Kriegsmarine; rikskommissariatets si avdeling for sjøtransport; Wehrmacht sine forsyningsoffiserar. I tillegg politiminister Jonas Lie, som Quisling og NS sin representant.

Så langt bilar av alle slag og drivstoff var tilgjengelege, vart mykje sendt landevegen, langs riksveg 50. Til riksvegen var så dårleg av slitasje at evakuering i større grad måtte flyttast til sjøverts transport. Alt som kunne oppdrivast av større skip – både sivile og marinefartøy, både tyske og norske - vart rekvirerte til evakuering. Like eins mindre fartøy av alle slag. På det meste skal 246 skøyter og 12 større frakteskuter ha vore engasjerte i evakuering frå Vest-Finnmark og Nord-Troms til Tromsø.

I denne situasjonen var fartøya i erstatningsruta ein ledig transportkapasitet. Frå og med november 1944 var ei rekkje fartøy frå erstatningsruta i bruk i evakueringa. Var det usikkert kva fartøy som kunne reknast med i erstatningsruteflåten, var det endå meir usikkert kva fartøy som i den kaotiske situasjonen var med i evakueringa. Vi har registrert desse fartøya, jf oversikten ovanfor: *Ethel May* (deltok i evakuering frå Hammerfest); *Hansnes*; *Havnnes*; *Morild I*; *Ringøy* (ex *Wild Flower* F 9 H); *Jana*. Det er også naturleg å ta med ishavsskuta *Bollaholm* (T 58 G), Gratangen. Det er ikkje kjent at *Bollaholm* segla i erstatningsruta. Derimot skal skuta ha deltatt i evakueringsseglingane.

#### **SIVIL ULYDNAD OG ERSTATNINGS-RUTA PÅ OVERTID:**

Etter den tyske nedbrenninga i Finnmark og Nord-Troms og den tyske kapitulasjonen i mai 1945 var den nordlegaste landsdelen i hovudsak ein ruin. Bustadhus, industrianlegg, kaier og hamneanlegg var borte, fyrlykter og seglingsmerker i stor grad det same. På både land og sjø fullt av miner.



*Wild Flower, seinare Ringøy.*

Då dei tyske styrkane forlet Finnmark seinhausten 1944, let dei somme stader fullt operativt skyts med skarp ammunisjon berre stå igjen. Lokale gutar, som ikkje var evakuerte, skal ha funne ut korleis skytset skulle brukast – og dreiv skyteøving med det etterlatne skytset. Andre stader gjorde tyskarane seg meir føre – før dei drog seg tilbake: dei arrangerte skarpe granatar og liknande i gjenståande bygningar på ein slik måte at sprengstoffet eksploderte når nokon tok i dørhandtaka. Ved det provisoriske sjukehuset i Syltefjord måtte overlege Sørsdal og hans pleiarar ta seg av folk som hadde fått skader frå etterlatne eksplosiv.

Styresmaktene rekna området som farefullt og ønskte ikkje at dei evakuerte skulle vende tilbake – før det var rydda og dei viktigaste samfunnsfunksjonane var gjenoppretta.

Dei evakuerte ville det annleis: dei vende i stor grad tilbake – i strid med styresmaktene sine ønskje. Dei tok tilhald i alt som kunne nyttast som provisoriske bustader. Det har vorte sagt at tilbakeflyttinga var eit eineståande tilfelle av sivil ulydnad mot styresmaktene sine ønskje. I den første tida etter kapitulasjonen vart erstatningsruta sett i gang igjen for å støtte dei evakuerte som var i ferd med å vende tilbake. Ut over hausten 1945 vart erstatningsrutebartøya gradvis erstatta av meir ordinære lokalrutebåtar frå Finnmark og Troms. Erstatningsfarten varte til våren 1946.



*Myregga.*

### **MIKAL NILSSEN OG MS MYREGGA:**

Ishavsskipper og -reiar Mikal Nilssen frå Gratangen var ein av dei som omkom i senkinga av DS *Irma* på Hustadvika i 1944. Han var som reiar involvert i ishavsskutene *Saltdalingen* og *Nyken*, som begge gjekk tapt i orkanen i Atlanterhavet på veg til Newfoundland i 1939. I 1944 var han på reise med *Irma* i samband med planlegging av ny ishavsskute.

Etter som Mikal omkom, vart det hans dødsbu som stod for bygging av ny skute. Denne skuta vart bygd vinteren 1944/45 og fekk namnet *Myregga* (T 6 G). Dødsbuet stod som eigar 1945-47. Då overtok Mikal sine slektningar som eigarar. *Myregga* vart leigd av Det Bergenske Dampskibsselskab til erstatningsfart i tilbakeflyttingsfasen 1946/47.

### **SEPTEMBER 1945. KAPITULASJON ETTER KAPITULASJONEN:**

Tyskland kapitulerte i mai 1945. Dei tyske styrkane i Norge vart avvæpna og sende heim. I stillehavsområdet tok krigen slutt første etter atombombesprengingane over Hiroshima og Nagasaki i august 1945.

I september 1944 etablerte den tyske vertenesta ein stasjon inst i Rjipfjorden på nordsida av Nordaustlandet på Svalbard. Stasjonen fekk namnet Wetterdienst Haudegen. I tillegg til hovudstasjonen vart det lagt ut fleire depot på avstand frå hovudstasjonen i Rjipfjorden, blant andre ved Duvefjorden og Wahlenbergfjorden.

I august 1945 var stasjonen framleis bemann og godt utstyrt. Erstatningsruteskuta *Blåsel*, skipper Lorentz Albertsen, fekk i oppdrag å gå til Rjipfjorden og avvikle verstasjonen. Då *Blåsel* kom fram, vart mannskapet møtt med stor gjestfridom. Stasjonen skal ha hatt rikeleg med proviant og drikkevarer. Det skal ha vore ei heller lystig avslutning av krigen i Norge. Men ikkje meir enn at dei sette opp eit kapitulasjonsdokument. Stasjonssjefen skreiv under dokumentet og leverte frå seg tenestepistolen 4. september 1945. (Hansen 1998).

Dette var nesten fire månader etter at Tyskland hadde kapitulert. Japan kapitulerte ved midten av august 1945. Den formelle japanske overgjevinga vart underskriven om bord i slagskipet USS *Missouri* i Tokyo-bukta 2. september 1945. Denne datoen blir vanlegvis rekna som sluttdato for andre verdskrig. Den tyske kapitulasjonen i Rjipfjorden på Nordaustlandet kom altså to dagar etter den formelle japanske overgjevinga på stillehavsfronten. (Dersom ein strekkjer opplysningar langt nok, kan ein – kanskje – seie at det var *Blåsel* og Lorentz Albertsen som avslutta andre verdskrig).

Turen tilbake til Norge gjekk aust om Nordaustlandet og gjennom Freemansundet og Storfjorden. På veg sørover møtte skuta storm. Tyskarane skal ha vore sjøsjuke, men måtte likevel gjere teneste ved lensepumpa.

### **NOKRE SKUTELAGNADER:**

*Vaaland*, *Moder II* og *Uløy* gjekk tapt under erstatningssegling i angrep frå sovjetisk side. *Polarfjell* forliste under selfangst i Vestisen 1950. *Ringøy* forliste i fraktfart på Hustadvika 1964. *Blåsel* vart kondemnert 1961. *Queen of the Fleet* forliste ved grunnstøytning i Vargsundet på 1970-talet. *Drott / Is-Ola* forliste i 1977 ved Kapp Lee på Svalbard etter brann i maskinrommet.

Etter krigen var *Skandfer* og *Maiblomsten* ei tid i bruk som tenestefartøy for sysselmannen på



*Is-Ola 1972. Foto frå Bjarne Harald Brobakk*

Svalbard. Dette var i Håkon Balstad si tid som sysselmann. Kona til Håkon Balstad var motstandsaktivist og seinare forfattar Liv Balstad – forfattar av boka *Nord for det øde hav*. Frå denne tida seiast det at Liv Balstad ikkje var særleg glad i erstatningsfartøya. Etter sysselmannen sine tenestereiser med fartøya bar kleda hans sterkt preg av diesel og pumpelukt. *Maiblomsten* hamna i fjøra i Soltindvik i Troms, brukt som lekter/lagerplass. Fartøyet gjekk med tida i oppløysing. *Skandfer* fekk seinare tilhald i Maursund i Skjervøy, som fiskebåt og frakteskute. Skuta vart kondemnert og søkkt i nærområdet tidleg på 1960-talet. Etterkomarar etter siste eigar seiast å ha skipsrattet frå *Skandfer* som dekorasjon i stova. Postmuseet på Lillehammer har ein modell av *Skandfer* – med det spesielle dekkshuset for erstatningsseglingane – i utstillinga.

*Bollaholm* og *Myregga* var med i segling høvesvis i evakueringa og tilbakeflyttinga. *Bollaholm* forliste som *Noris* i Austisen i 1960. *Myregga* vart kondemnert i 1982.

#### **FORNYING AV HURTIGRUTEFLÅTEN:**

Etter 1945 var hurtigruteselskapa i gang med å fornye flåten. Første trinn i fornyinga var dei fire nokså like såkalla Italia-båtane . (Også kalla ‘klippfiskbåtane’. Dei vart visstnok delvis betalte med klippfisk). Alle fire vart bygde i Ancona ved den italienske adriaterhavskysten:

*Vesterålen*, *Erling Jarl*, *Midnatsol* og *Sanct Svithun*. Nesten like var dei ca 270 fot lengd, ca 2100 brt, framdrift med Fiat dieselmotorar på 2500 hk, toppfart 17 knop, passasjertal 575 (liten kystfart) og 850 (innanskjersfart). Skipa vart fordelte på Vesteraalens, Nordenfjeldske, Bergenske og Stavangerske dampskipsselskap – visstnok etter loddtrekning. Alle dei fire skipa kom i drift i 1949 og 1950. Dette var på alle måtar ei stor forbetring i høve til dei veltente, men nedslitne fartøya i erstatningsruta. Tre av dei nye heldt det gåande til tidleg på 1980-talet.

To av desse skipa kom ut for tragiske hendingar. Ved kai i Bodø i 1958 vart *Erling Jarl* råka av brann, der 14 personar omkom. *Sanct Svithun* fekk ein tragisk lagnad ved at skipet totalforliste på Folda i 1962. 41 personar omkom. Skipet var då langt ute av planlagd og oppgjeven kurs, noko som gjorde søk og berging ekstra vanskeleg.



*Erling Jarl. Foto: Lyder Kvantoland, Wikipedia*

#### **KALD KRIG:**

*Blåsel* var ikkje heilt fri frå oppgåver i samband med krig og konflikt. På 1950-talet var det kald krig. Under krigen hadde ishavsskuta *Godønes* vore i tysk teneste som vaktfartøy ved *Tirpitz* under krigsskipet sitt opphald i Kåfjord ved Alta. I 1955 var den same *Godønes* på oppdrag i Svalbard-området for amerikansk etterretning, med lytteutstyr retta mot aktivitet i det arktiske Sovjetunionen. *Godønes* hadde med amerikanske fagfolk på ulike felt – blant andre geologar som undersøkte grunnen på både

Bjørnøya og Svalbard, med tanke på bygging av flyplassar for tunge bombefly. Geologane feste seg ved Kvadehuken ved Ny-Ålesund. Der meinte dei det var grunnforhold for ei rullebane på 3000 meter. (Eventuell bygging av ein slik flyplass ville truleg stride mot Svalbard-traktaten frå 1920).

*Godønes* var inne på sovjetisk område, både ved kysten av Novaja Semlja og nord for Frans Josef Land. I Hinlopen fekk *Godønes* skadd propellen. *Blåsel* var i same farvatna på fangst. *Blåsel* vart tilkalla og slepte *Godønes* heim, eit slep som tok ti dagar.



*Godønes i Austisen. Foto frå Sigmund Johansen*

Ved heimkoma vart alle – både amerikanarane og det norske mannskapet på *Godønes* - pålagt full teieplikt om kva skuta hadde vore med på. Tilbake i Tromsø skal sensitive opplysningar likevel ha kome på avvegar. Dette kom eigaren av *Blåsel* for øyre. Han kravde straks 10 000 kroner ekstra i bergingsløn.

### LANDSSVIKOPPGJER?

Etter krigen melde det seg spørsmål om eigarane av erstatningsfartøya burde vurderast etter landssviklovene, etter som fartøya hadde frakta varer som også kom okkupasjonsmakta til gode. Høgsterett fann inga meining i å straffe dei som hadde sett liv, helse og materielle verdiar på spel for å halde den nordlegaste landsdelen og verksemd der levande i krigstida.

### REFERANSAR:

Informantar: Alester Hansen; Per Inge Høiberg; Tore W. Topp.

Artikkel: Topp, T. W. 'Skonnert *MODER* historien'. Artikkel, udatert manuskript.

Museum: Norges Postmuseum, Lillehammer.

### Litteratur:

Bakka, D. jr. 2011. *Livslinje og eventyrreise. Historien om Hurtigruten*. Bergen. Bodoni Forlag.

Den norske stat. 1949-1951. *Våre falne 1939-1945. Tredje bok*.

Fiskeridirektøren: *Register over merkepliktige norske fiskefarkoster 1966*. Bergen. I kommisjon hos AS Lunde & Co.s Forlag. 1966.

Grytås, G. 2020. *Dødsleia og livsnerven. Krigsforlis på norskekysten 1940-1945*. Oslo. Det Norske Samlaget.

Hansen, O. M. H. 1996. *Ishavsskutenes historie*. Tromsø. Bladet Nordlys AS.

Hansen, O. M. H. 1998. *Ishavsskutenes historie II*. Tromsø. Eige forlag.

Hirsti, R. 1983. *Tirpitz*. Oslo. Gyldendal Norsk Forlag.

Isaksen, K. og Pedersen, P. 2012. *Erstatningshurtigruta. Et folk i krig*. Tromsø. Postens Pensjonistforbund, Tromsø avdeling.

Jacobsen, A. R. 2019. *Farlig farvann. Hurtigruten i nord 1940-45*. Oslo. Alf R. Jacobsen og Vega Forlag AS.

Jacobsen, A. R. 2009. *U2-affæren. Et drama fra den kalde krigen*. Oslo. H. Aschehoug & Co.

Larssen, E. B. 1946. *Rutefart og krig i Nord-Norge*. Trondheim. F. Bruns bokhandels forlag.

Nordanger, T. 1975. *Lang kyst. En fortelling om fartøyer og folk på norskekysten under krigen*. Bergen. Nordanger Forlag.

Nordanger, T. 1980. *Dramaet i Nord-Atlanteren. En fortelling om åtte små skute fra Norge*. Bergen. Nordanger Forlag.

Norsk Forening for Fartøyvern (Kåre Nordgård). *Medlemsmatrikkel 2010*.

Ottesen, J. 2007. *Skuter på selfangst*. Ulsteinvik. Fotoarkivet.

Pedersen, B. T. 2019. *Jekta. Eventyrets farkost*. Trondheim. Museumsforlaget.

### Nettet:

Hurtigrutene info. Omfattende uoffisiell side om hurtigrutene.

‘Ishavskutterne erstatter Hurtigruta på Finmarken under krigen’. *Magasinet for Alle*. Nr. 46/1962.

Ishavsmuseet Aarvak. Skutekatalog.

Krigsseilerregisteret.

Norsk Biografisk Leksikon.

‘Tysk okkupasjon og russiske fly - overlege Sverre Sørsdals brev fra Vardø 1942 og 1945’ (Til mor si i Hamar). Tidsskriftet Michael. Utg. Det norske medicinske Selskab, nr 1/2024.

Sjøhistorie: MS *Svanhilds* historikk.

Sjøhistorie. Sjøforklaring: Rettsbok Tromsø byrett 02.10.1941. (MS *Svanhild*).

Sjøhistorie. Sjøforklaring: Rettsbok Tromsø byrett 03.03.1943. (MS *Blåsel*).

Galeasen *Svanhild*. (Nettside).

[www.warsailors.com/homefleet/shipsm.html](http://www.warsailors.com/homefleet/shipsm.html)

Wikipedia.

### TV:

NRK: ‘Hva skjedde med Torstein Raaby?’. Dokumentarprogram frå 2020 ved Stian Indrevoll.

NRK: ‘Kald verdenskrig’. Dokumentarserie frå 2021, i seks episodar om verdskrigen i nord.

### YOUTUBE:

‘Jakten på Tirpitz’. Dokumentarprogram om motstandsaktivitet i Alta-området. Ved Reidar Hirsti.

# AASEN



## BIL-DEMONTERING AS

- BRUKTE OG NYE DELER
- OFF.GODKJ.VRAKMOTTAK
- NYE DEKK OG FELGER

📞 700 37 900

[www.aasenbil.com](http://www.aasenbil.com)

# Gammel ishavsslekt i Balsfjord.

Av Bjarne Harald Brøbak

Helge Alfredsen er født på Slettvoll indre, Svartnes i 1931. Faren var Hilmar Alfredsen og bestefaren var Johan Karl Eddisen, som var født på Tomasjord ved Laksvatn. Han var en kjent ishavsskytter. Oldefaren var Eddis Hansen, Sagelvvatn, han var bror til Elias i Sørkjosen, som ble kaldt «Troll-Elias». Han var også stor og sterk, men hadde den egenskapen at han aldri slo noen, han kasta motstanderne fra seg. Oldefaren Eddis var den som banka opp Nils Susamel. Oldefaren på morssida var ishavsskipper Nils Johannessen, født 1938 på Nøstnes, Laksvatn, hans far var Johannes Mosesen, Laksvatn.

Nils begynte tidlig å reise på havet, også ishavet, og han ble tidlig skipper. Han var den nok den første ishavsskipper fra Balsfjord, også en av de første i Troms-regionen. Fra Hammerfest kom de tidlig i gang med ishavsfangst i Spitsbergens farvann og selfangst i Østisen. Nils hadde Hammerfestskuta «Peteta» i mange år og gjorde gode turer. Han hadde også andre Hammerfestskuter tilhørende Feddersen & Nissen, senere også Nissen skuter.

Nils kjøpte den øverste eiendommen i Lakselvdalen, Hokstad, og han tok det som etternavn. Nils Johannessen Hokstad er bestefar til to kjente ishavsskipper, Julius Severinsen og Olaf Hokstad. Slekta har også en forgrening til den store slekta av ishavsfolk og ishavsskipper fra Skavskog i Ramfjord.

Jeg besøkte Helge på Kaldsletta i Tromsdalen pinsehelgen 2025. Han fortalte om en god og trygg oppvekst på gården Slettvoll, og om deltakelse i gårdsarbeidet sammen med faren fra først i tenårene. Gården hadde besetning av ku, sau og hest. Også fiske på fjorden var veldig interessant. Han likte seg på havet. Den yngste av brødrene døde i 1942, bare to år gammel. Han het Jan-Håkon. Det var svært trist.




*Hanseat. Foto frå Tøssebro*

Helge ble konfirmert i Balsfjord kirke forsommeren 1946. Samme året omkom hans eldste bror, Odd, 18 år gammel, da fiskebåten «Pento» fra Hansnes gikk på en mine og alle 9 om bord omkom.

På sommeren etter konfirmasjonen fikk han hyrt seg med M/S «Hanseat» på tur til Nordisen, Spitsbergen. Skipper var Ernst Eriksen fra Ramfjord. Helge hadde hørt av sine forfedre om fangsten der nord i ishavet, på Spitsbergens østside og videre nordover, der hans forfedre hadde fangstet siden langt tilbake i tid.

Etter at de forlot Tromsø og kom ut i åpen sjø, begynte skuta å slingre, og han kjente at det var ikke det samme som å være med faren i robåt på Balsfjorden. Men det gikk fort over. Det var fint vær på hele turen, som varte i 2-3 måneder. Fangstresultatet var ca. 600 storkobber, noe ringsel, hvalross, 4 isbjørn, og 4 levende bjørnunger. De gikk i land på Edgeøya og skjøt noen reinsdyr til kostholdet ombord. Det var ikke lovlig, men..... Det var en tur med mange fine opplevelser for en ungdom midt i tenårene. Han fikk en tur til med «Hanseat» året etter til Spitsbergen, med samme skipper. Det ble også en god tur, med godt fangstresultat.

«Norland 1», kom nypusset fra verkstedet, det var en fin skute og han fikk hyrt seg med den på turen nordover i 1947. Skipperen var fra Vestlandet, han var ikke ishavsskipper, men var med på grunn av forskning. Ole Hamar het han. Det var forskningstur på hvalrossbestanden på



*Norland 1, her i 1960. Foto Bjørn Berland, Ishavsmuseets arkiv.*

østsida av Spitsbergen og nord til Kvitøya. Det var en høsttur som varte ca. 2 måneder.

Til Vesterisen 1948 fikk han også hyrt seg med «Norland 1». De kom tidlig i fangst, og etter knapt 4 døgn nesten uten søvn var de fullfangstet, 3800 kvitunger, men prisene var lave, så det ble en dårlig lott. Andre turen samme år var med samme skute til Danskestredet på klappmusfangst. Turen varte juni og juli. Det var mye rå damp og havtåke, men også noen gode dager med sol. Det var fint å komme hjem til grønne enger og sommer fra råkalde dager. Det var en middels tur fangstmessig.

Helge var nå kjent som en god fangstmann og kunne nesten velge seg skute. Han fikk hyrt seg med M/S «Herøyfjord» på Newfoundlandstur i 1949. Skipper var Guttorm Jakobsen, Tromsdalen. De var totalt 41 mann om bord. Det ble en hard tur vestover, hele 18 døgn. Det vekslet mellom kuling, storm og orkan, så de

gikk mye med redusert fart, også bakking. Før de nådde isen ble det nordvestkuling, kuldegrader med nedising. Overfarten ble dobbelt så lang som en vanlig overseiling. Selbestanden var god da det hadde vært lite fangsting under krigsårene. De kom tidlig inn i selkastet og fangstet godt, og to uker ut i april hadde de 20000 kvitunger.


Helge hadde fylt 18 år under hardeste fangsten. De forlot isen og begynte på overseilinga østover, men det kom spørsmål om å ta med mannskapet fra M/S «Polarbjørn» av Ålesund, totalt 25 mann. Skuta var kommet i brann og hadde forlist. De returnerte og tok med mannskapet, de var da 66 mann om bord totalt, så de sov på skift. På hjemturen fikk de også mye uvær, lasta forskjøv seg da de var sør av Kapp Farvel og skuta fikk slagside.

Men de klarte å rette opp skuta etter å ha dumpet en del av fangsten, og fortsatte seilasen. Da de kom på kysten av Møre var slagsida kraftig, det ble sendt nødsignal til Rogaland radio, posisjonen var 60 mil av Rundø. Helge tenkte da: «Skal ikke jeg bli mer enn 18 år, jeg heller, som min bror?» Men resten av mannskapet var rolige, så da holdt han også roen. Det gikk nesten 1 døgn før vesterisskutene M/S «Flemsøy» og M/S «Brandal» nådde posisjonen. Helge var lettet da han kom seg i fangstbåten og over til «Flemsøy». Slepebåtene M/S «Cetus» og M/S «Draugen» kom også til. Etter 8-10 timer var alle reddet, og M/S «Herøyfjord» sank ca. 2 timer etter at alle var gått fra bordet.

Det var mye folk i havna i Ålesund da de 66 skipsbrudne ankom, rene 17.mai-stemminga. Det kom noen fine ungjenter og tok gutta med til de anviste klesbutikkene så de skulle få dresse seg opp. Så gikk hjemturen med hurtigruta til Tromsø. Helge var yngste mann om bord. Det hadde vært en tur i bare dårlig vær, storm til orkan, egentlig en uforglemmelig tur. Noen av gutta om bord sa de ikke skulle reise på havet igjen, men ikke alle holdt det løftet.



*Guttorm Jakobsen, her i 1953. Foto Birger Rasmussen, Ishavsmuseets arkiv.*




*Norsel og Norbjørn på Newfoundland. Foto frå Noralf Alfredsen*

M/S «Herøyfjord» hadde vist seg å være en godt egnet skute og tok seg lett fram i den vinterfrosne Newfoundlandsisen. Så da «Norsel» med samme skrog og maskineri kom for salg, kjøpte brødrene Jakobsen den skuta. Helge ble ikke skremt av denne turen og hyrte seg med Brødrene Jacobsens rederi i Tromsøysund med nyinnkjøpte M/S «Norsel» med samme skipper, Guttorm. Skuta hadde chart til Antarktis på ekspedisjon, og etter det oppdraget gikk de nordover til Las Palmas, bunkret og provianterte og gikk så vestover til Newfoundland. Dette var i 1949-50. Turen til Antarktis forløp greit uten noe uhell, men de kom for sent til ungdyrfangsten, og de fikk en fangst på 16000 gammalsel.

Året etter, 1950-51, ble det ny tur med M/S «Norsel» til Antarktis med påfølgende selfangsttur til Newfoundland. Det ble 20000 kvitunger. De fangstet i Belle Island stredet. Der skadet og mistet de et blad på propellen, men etter at de kom ut av isen og øst for Gråøyene tok de 4000 gammalsel. Turen østover gikk i rolig vær med redusert fart. Det ble en meget god tur, 17000 kr i lott med hyra. Da de var i

Antarktis, hjalp Helge med å arbeide på land på Maudheim. Han ble ansett som en god mekaniker og altnuligmann, så de ville ha han igjen der på overvintring, menn han ble med «Norsel» nordover.

M/S «Norbjørn» ble kjøpt inn til Tromsø i 1952 og etter en ombygging ble skuta rustet for Newfoundlandstur. Helge fikk da hyrt seg på turen. Olaf Johannessen fra Straumbukta var skipper. Det var et uår ismessig, noe pakkis i nyisen, selkastet var mellom Belle Island og Gråøyene og isen og kastet drev sørover og inn mellom de to største av Gråøyene. Isen presset skuta mot den største øya og en del av mannskapet ble igjen på isen. Det var dårlig sikt, men etter mørkets frembrudd så de lysene fra skuta og de begynte å gå mot skuta. Det ble en tung marsj gjennom mange skrugarder, men alle kom seg med i følget og var fremme ved skuta kl. 01.30 på natta. Skuta kom ut av isen på morgningen og gikk på sørsiden av Gråøyene der isen med selkastet kom, og de begynte å fangste igjen. De fikk 16000 dyr. Det var dårlige priser og det ble en lott på 4700 kr.



*Tottan, her ved Newfoundland 1951. Foto Birger Rasmussen, Ishavsmuseets arkiv.*



*Fortuna, Vesterisen 1960. Foto Bjørn Berland, Ishavsmuseets arkiv.*

Militærtjenesten avtjente Helge i marinen 1953-54.

1955 hyrte han seg med M/S «Tottan» til Newfoundland. Leif Jakobsen, Balsnes, var skipper. De fikk god fangst, 19000 dyr, men prisene var lave det året også og det ble en dårlig lott.

Helge var med på storturen som M/S «Norbjørn» gjorde i 1956 med skipper Olaf Johannesen. Fangsten var på vel 31000 dyr. Mannskapet var mest balsfjordinger og malangsværing. Lotten ble 14000 kr. Dette viser at antall dyr og priser i forhold til lott henger sammen spesielt på skutene fra newfoundlandsfeltet der hovedfangsten er kvitunger og voksen grønlandssel.

Helge hadde likt seg om bord i Brødrene Jakobsens skuter på newfoundlandsturene, men han ville ha kortere turer, og da ble det Vesterisen. 1957-58 var to gode og snare turer med M/S «Fortuna» med Charles Robertsen som skipper.


